

WOYZECK



**DET
NORSKE
TEATRET**



«IF THERE'S ONE THING YOU
CAN SAY ABOUT MANKIND
THERE'S NOTHING KIND
ABOUT MAN.»

Nasional Biblioteker
Departemen

WOYZECK

AV GEORG BÜCHNER

I EIN VERSJON AV ROBERT WILSON, TOM WAITS OG KATHLEEN BRENNAN

OMSETJING: JON FOSSE

Etter avtale med Tom Waits blir alle songane framførte på originalspråket.

Woyzeck **HANS RØNNINGEN**

Margreth **INGRID JØRGENSEN DRAGLAND**

Andres **JOACHIM RAFAELSEN**

Marie **SILJE STORSTEIN**

Kaptein **JAN GRØNLI**

Karl **MORTEN SVARTVEIT**

Tamburmajor **PÅL CHRISTIAN EGGEN**

Dokter **PER SCHAANNING**

Utropar **LASSE KOLSRUD**

MUSIKARAR

Kapellmeister / piano, elpiano, pumpeorgel, trekkspel og waterphone **SVENN ERIK KRISTOFFERSEN**

Tubax, sarrusofon, bass-saxofon, C-melody og tenorsax,
piccolo, fløyte og kontrabassfløyte, bassklarinet og klarinet **NILS JANSEN**

Perkusjon og marimba **CHRISTIAN SVENSSON**

Cello **KJERSTI RYDSAA**

Gitarar, dobro og banjo **MATS GRØNNER**

Sousafon, trombone og trompet **ATLE HASSEL**

Kontrabass **KRISTIAN EDVARDESEN**

Regissør **LASSE KOLSRUD**
Scenograf og kostymedesignar **KARI GRAVKLEV**
Musikalsk ansvarleg og musikkarrangør **SVENN ERIK KRISTOFFERSEN**
Koreograf **SIGRID EDVARDSSON**
Lysdesignar **TORKEL SKJÆRVEN**
Lyddesignar **JUSTEIN REISTAD**
Dramaturg **MARI MOEN**

Inspisient **PER BERG-NILSEN**
Musikalsk innstudering **STÅLE SLETNER**
OG SVENN ERIK KRISTOFFERSEN
Sufflør **TORILL STEINLEIN**
Parykkmakar / maskør **NINA BLOCH / STIG WEDVIK**
Rekvisitør **TONE BERNHOFT OSA**
Kostymekoordinator **LINE ANTONSEN**
Scenemeister **STIAN NÆSS**
Lysmeister **PER WILLY LIHOLM**


Forlag: Felix Bloch Erben GmbH & Co. KG


Woyzeck
Av Georg Büchner
Musikk og songtekstar av Tom Waits og Kathleen Brennan
Original regi, scenografi og visuelt konsept av Robert Wilson
Original skodespeltekst i ein versjon av Ann-Christin Rommen
og Wolfgang Wiens

NOREGSPREMIERE 29. AUGUST 2014 PÅ HOVUDSCENEN

Bruk emneknagg **#detnorsketeatret** og del dine opplevingar
hos oss på instagram eller twitter.

Foto: ERIK BERG
I redaksjonen: LASSE KOLSRUD, KARI GRAVKLEV, ÅSNE DAHL TORP OG IDA MICHAELSEN
Grafisk formgjeving: MAKING WAVES
Trykk: PRINT HOUSE





«EG BLIR REDD NÅR EG TENKJER
PÅ AT JORDA DREIAR SEG RUNDT
PÅ EIN DAG; EG KAN IKKJE SJÅ
EIT MØLLEHJUL LENGER UTAN
Å BLI MELANKOLSK.»

Kapteinen

«PULSEN, WOYZECK, PULSEN,
SVAK, HARD, HOPPANDE, UJAMN.»


Dokteren



«JORDA ER INNI HELVETE VARM,
EG ER ISKALD!»

Woyzeck









«KVIFOR BLÆS IKKJE GUD SOLA UT, SÅ ALT
KAN VELTA SEG OVER KVARANDRE I UTUKT,
MANN OG KVINNE, MENNESKE OG DYR.»

Woyzeck






«KVART MENNESKE ER EIN AVGRUNN,
DET SVIMLAR FOR EIN NÅR EIN SER
NED I HAN.»

Woyzeck






«DU TENKJER FOR MYKJE,
DET TÆRER PÅ.»

Kapteinen





BÜCHNER (1813-1837)

Då George Büchner - medisinstudent, forfattar og revolusjonær - dør av tyfus berre 24 år gamal i eksil i Zürich, var det ingen som ante kva plass han skulle få i litteraturhistoria. Han blei fødd i storhertugdømmet Hessen som son av ein kjent lege og begynte å studere i Strassburg i ei tid då den første euforien etter julirevolusjonen i Frankrike hadde lagt seg og opposisjonen mot borgarskapet begynte å etablere seg. Her knytte han seg til ei gruppe av revolusjonære demokratar og var med på å grunnlegge «Selskapet for menneskerettane». I brev heim til foreldra skreiv han; «Om det er noko som kan nytte i vår tid, så er det vald». I avisa «Det hessiske landpostbud» oppmoda han til opprør mot styresmaktene. Det førte til at han blei stempla som landssvikar og det blei sendt ut arrestordre på han. Büchners eksil varte berre i to år – han døydde på slutten – men det var heilt avgjerande for skoloringa av hans politiske bevisstheit og innsikta i samfunnsmessige mekanismar. Büchner flykta frå universitetet heim til foreldra sine i Darmstadt. Der skreiv han, for å fylle tida si og i eit håp om å tene pengar, det første stykket; revolusjonsdramaet *Dantons død* på fem veker før han måtte flykte vidare.

«Tilhøva mellom dei fattige og dei rike er det einaste revolusjonære element i verda», skreiv han. Lenge før Brecht, skreiv Büchner at «så lenge det finst svolt finst det ingen moral». Büchner var oppteken av dei indre motsetnadene i ei kvar handling; «Revolusjonen et sine egne born», skreiv han. «Individet er historias reiskap, og det er skuldig om det vik tilbake for å handle, skuldig om det handlar, ansvarleg for eit nødvendig vonde som det må stå til rette for». Eitt år etter *Dantons død* fortsette Büchner dei medisinske studia og skreiv stykket *Leonce og Lena* (1836). Stykket skildrar eit grotesk hoff som er stivna i etikette og absurd tenkjemåte og er ein satire over dei trongsynte og dei rettenkjande.

Handlinga til sitt siste drama, fragmentet *Woyzeck*, er inspirert av ei verkeleg hending. I 1821 blei ein frisør med namn Woyzeck dømt til døden ved halshogging for å ha myrda kjærasten sin. Legen Dr. Johann Christian August Clarus skreiv eit rettspsykiatrisk dokument som Büchner las og bearbeidde litterært. Med *Woyzeck* kom eit nytt språk inn i teatret; eit fortetta og høgt litterært språk, som bar i seg kunnskap om sosiale realitetar, sosial naud og kjøtets og blodets makt over sinnet.



«EG ER EIT ANSTENDIG MENNESKE,
MEN DU, DU SER TVERS IGJENNOM
SJU PAR SKINNBUKSER.»

Margreth til Marie






«DU MÅ DRIKKA SNAPS MED
KRUT OPPI, DET TEK FEBEREN»

Andres









«EG ER EIT MANNFOLK
– EIT MANNFOLK SEIER EG.»

Tamburmajoren



«ADJØ, MARIE, DU ER VAKKER SOM SYNDA»

Woyzeck







TOM WAITS

MUSIKKEN OG MYTEN AV JAY S. JACOBS

Ein tvilsam bar i ei bakgate. Neon-spraking frå ein øydelagt ølreklame, summing frå ein TV som ingen ser på. Ein trøytt bartender med eit herja ansikt tørkar bardisken med ein klut. Ei servitrise, for tidleg gammal, sit åleine og kastar av og til eit blikk på den einaste gjesten. Han rører berre på seg når han skal ha påfyll og held fram med å stire ned i den lakkslitne treplata og dei små boblene i glaset sitt.

Det er slike scenar dei fleste ser for seg når dei tenkjer på Tom Waits. Klokka er to om natta, dei heimlause kjempar for å gløyme alle livets små audmjukingar. Her er kjærleik eit luftig ideal. Draumar går aldri i oppfylling, men nye blir uavlateleg skapte, ei trøyst, ein måte å komme seg gjennom natta på.

Tom Waits er poeten for lengtande sjøfolk, ulykkelege handelsreisande, sparkepiker – alle som søker trøyst for livets vonbrot i botnen på eit glas. Waits skaper eit amerikansk Goth-landskap med evige taparar, forhutla sjeler og tivolifolk. Å utvikle dette bildet er kunstnarens måte å forstå desse folka på. Han nektar å sjå ned på dei. Nokre kritikarar seier at han sentimentaliserer, men slik er det sjeldan. Vanlegvis respekterer han figurane sine på grunn av – ikkje på tross av – deira feil og svakheiter. For han har det alltid vore noko edelt rufsete ved å overleva i ei hard og kald verd. Og stundom er det modigaste ein person kan gjere å stå løpet ut og halde på sine draumar og ideal.

I 1976 sa Waits til *Newsweek*: «Det er ei felles kjensle av einsemd som breier seg frå kyst til kyst. Det er som ei usamanhengande identitetskrise. Det er den mørke, varme narkotiske, amerikanske natta.» Dette meir enn noko anna er det som berusar Tom Waits. Ikkje alkohol, ikkje stoff, ikkje berømming, ikkje rikdom... men kanskje kjærleik. Han blir inspirert og utfordra av dei uendeleg mange mulighetene, desperasjonen, dei forhasta kompromissa vi gjer for å overleva og kanskje til og med få med oss litt lykke.

Det er ein ironi i karrieren til Tom Waits at etter at han vart nykter, fann lykka og kjærleiken, blir musikken hans meir og meir eksperimentell. Etter *Swordfishtrombones* i 1983 vart arbeida gradvis meir primitive og sensuelle. Dei melodiske løysingane og den pianobaserte instrumenteringa på dei tidlegare albuma måtte no vike for eit mykje meir radikalt uttrykk.

Med albumet *Mule Variations* i 1999 var sirkelen slutta. Ytterpunkta i musikken hans – dei jazzaktige salongballadane og den rare Harry Partch-møter-Bertolt Brecht danse-hallmusikken frå helvete – smelta saman i ein sameint imponerande heilskap. Den rosande omtalen auka på. I mellomtida hadde Waits kasta vrak på den sjaskete urbane hipsterstilen og blitt gjenfødd som ein pen, tilfreds, men litt eksentrisk bondemann, ektemann og far.

Sjølv om både musikken og personlegdommen gjennomgjekk ei forvandling, vakla han aldri i sin solidaritet med vanlege folk. Det at han heldt seg til sine tema gav eit signal til mange platekjøparar om at det var lite som hadde endra seg. «Eg har visst eit stort publikum», sa Waits til skribenten Mark Rowland i 1993, «men platene mine sel ikkje noko særleg. Det verkar som mange har kjøpt eller høyrte ei plate for ganske lenge sidan og plassert meg, så da treng dei ikkje å undersøke lenger; «Å han, ja. Han ubarberte med den djupe stemma? Syng om pølser og egg? Ja, han kjenner eg.»

Waits innser at han har skapt ein så overveldande myte om seg sjølv at det er vanskeleg å skilje fakta frå fiksjon – verkelege hendingar i livet frå element han trudde kunne bli til ei kul historie ein eller annan gong. Waits er ein veldig morosam mann og tvers igjennom entertainer. Når han gir intervju er det å formidle sanninga langt frå så viktig som å fortelje ei god historie. Han lyg openlyst dersom det kan pynte på ei historie eller bygge opp under ein vits. Av og til er nok motivasjonen å bryte monotonien i å måtte svare på dei same spørsmåla om og om igjen. Han sa ein gong til Gavin Martin i *New Musical Express*, «Det er synd å seie det, men intervju i musikkaviser kan berre brukast til å pakke inn søppel så snart dei har stått på trykk. Dei er ikkje bindande. Dei blir ikkje arkiverte i velv som noko du må stå inne for.»

Waits fortel sjølv sagt ikkje historier berre for å underhalde publikum, han fortel dei òg for å skjermje seg, for sjølv om han er ein veldig open person, er han òg svært privat. Det er svært få opplysningar om privatlivet sitt han har slept ut i offentlegheita; dei detaljane om fortida si som han no og da nemner, underspelar han eller slår bort med ein spøk. Små informasjonsbrokkar, som fornamnet til mor hans (som er Alma) eller kor han gjekk på skule (Hilltop Junior and Senior High Schools i Chula Vista, California), har, med mykje strev, blitt gravne fram, trass i iherdige innsats frå Waits for å halde dei skjult. Men dei gir lite av verkeleg innsikt. Dei historiene Waits har bygd opp som eit vern rundt seg sjølv har hatt sin misjon. Og viss du verkeleg vil gjere Tom Waits forbanna, så prøv å fritte han ut.

Så er det baktroppen: Vennene til Waits er svært beskyttande. Du finn ikkje ein som vil seie eit vondt ord om mannen. Det betyr ikkje nødvendigvis at dei alle saman skjuler noko. Mange vil kunne fortelje deg at han er eit tvers gjennom godt menneske og at det er svært få han har noko imot. Kanskje han rett og slett er slik han framstår – ein genial type og ein lojal venn. Bones Howe, som produserte sju album med Waits, sa det slik, «Han er den einaste artisten eg har samarbeidd med i den 43 år lange karrieren min, som eg saknar å vere saman med og gå ut med. Han er favoritten min.»

«Eg har ein personlegdom som publikum likar», sa Waits i 1976. «Eg liknar på ein fyr dei har kjent – ein fillete og uansvarleg type som ikkje dreiv det til noko særleg, men alltid gav dei ein god latter. Eit offer, berre eit offer. Men eg har ikkje noko mot det bildet.» På grunn av dette har Waits fått ein slags større-enn-livet kvalitet. Mytane vil ha det til at han har levd livet i fulle drag, sett sine demonar i kvitauga, og vakna tallause gonger utan å vite kor han var. Ofte har forteljingar om eskapadane hans eit godt sannings-grunnlag. Og til og med når dei ikkje har det, burde dei...

Utdrag frå *Wild Years: The Music and Myth of Tom Waits* av Jay S. Jacobs, s. 15-17.
Utgitt av ECW Press Ltd., 2006. 97801550227161.
Omsett frå engelsk av Ola E. Bø

Les også *Sirkusets sosiale røyst* av Frode Grytten i Det Norske Teatrets repertoarmagasin Bakteppet, s. 10-11. Magasinet ligg i foajeen og er gratis.







«Vi må gå. Tida er der.»

Woyzeck

MISERY RIVER

(KATHLEEN BRENNAN/TOM WAITS)

Misery's the River of the World
Misery's the River of the World

The higher that the monkey can climb
The more he shows his tail
Call no man happy 'til he dies
There's no milk at the bottom of the pail

God builds a church
The devil builds a chapel
Like the thistles that are growing
'round the trunk of a tree
All the good in the world
You can put inside a thimble
And still have room for you and me


If there's one thing you can say
About Mankind
There's nothing kind about man
You can drive out nature with a pitch fork
But it always comes roaring back again


Misery's the River of the World
Misery's the River of the World
Misery's the River of the World

For want of a bird
The sky was lost
For want of a nail
A shoe was lost
For want of a life
A knife was lost
For want of a toy
A child was lost

Misery's the River of the World
Misery's the River of the World
Everybody Row! Everybody Row!
Misery's the River of the World
Misery's the River of the World
Misery's the River of the World
Everybody Row! Everybody Row!
Everybody Row!










MAKING WAVES 

 DETNORSKE

 OBOS

www.detnorsketeatret.no
BILLETTLUKA: 22 42 43 44